

Vår ref.:
23/01772-19

Dato:
09.11.23

Referat frå IDF møte om budsjett 2024

Tid: 30.10.23, kl 14

Til stades:

Organisasjonane:

Tone Skjerdal, Norsk tenestemannslag (NTL)
Jan Ove Rogde Mjånes, Akademikerne
Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet (FF)
Wenche Wusthoff Jortveit, Parat
Karin Bell: Hovudverneombod (HVO)
Venke Klubben Prytz –, Sykepleierforbundet
Toril Irene Olesrud Fjørtoft, Sykepleierforbundet
Randi Stubhaug Gamlestøl, Sykepleierforbundet
Nina Roskinn Harkestad, Samfunnsviterne
Aslaug Furholt, Utdanningsforbundet
Stig Riise Pettersen, Sykepleierforbundet
Grethe Lønning Grimsbø, Parat

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør(TB)
Helge Skugstad, Økonomi- og arealdirektør (HS)
Anette Olene Fristad, avdelingsleder HR
Kirsten Bakken, seniorrådgjevar rektors stab (referent)

Drøfting av budsjett 2024, tiltak og prosess

Økonomi- og arealdirektør innleia.

Følgende saker er knyttet til budsjett:

- Budsjett for 2024, november – foreløpig budsjett
- Budsjett for 2024, mars - endelig budsjett

På bakgrunn av statsbudsjett, inntektsscenario framover og kostnadsbilete pr. 2.tertial:

- Vi må gjere tiltak og prioriteringar, men ivareta mål i strategiplanen, føringar fra KD.
- Tiltaka må være målretta, vi må ikkje øydelegge det som gir oss god driv.
- Vi må vidareføre streng vurdering av stillingar, stram budsjettering av driftskostnader, ressursbruk til faglege årsverk må vurderast (utdanning og forskning), vi må fylle årsverka og ha fokus på ulike

kompenserande tiltak (inntektsbringande aktivitet, gjennomstrøyminga i studieløpet, marknadsføring etc).

- Det å vurdere konsekvensar kan vera vanskeleg i ein startfase, men det må gjennomførast omstillingstiltak.
- Eit fakultet har for høge kostnader, og tilpassingar og tiltak er nødvendig.

I 2024 må vi ha tiltak av kortsiktig art og tiltak inn mot 2025 (og seinare). Dette er delvis parallelle løp, men kan likevel seiast å vera ei fase 1 og fase 2.

Vi vil gjerne ha innspill både på prosess og tiltak.

Akademikerne: Kan du si noko om kva som bidreg til det høge forbruket ved FHS? Er det samanheng mellom dette og universitetsprosjektet ?

HS: Det er hovudsakleg knytt til lønsutgifter og auka grad av tilsettingar med første- og toppkompetanse, og toar-stillingar –samt vikariat ifm interne kompetanseløp (mykje knytt til universitetsambisjonen). Ein har og måtta etablere studieprogram utan basisfinansiering. FHS fyller sine studieplassar og jobbar med en ny ressursfordelingsmodell. Fakultetet må ned på et økonomisk berekraftig nivå. Vi må ta vare på studieprogram som rekrutterer, men må ned i stillingar.

Kjem ikkje uventa, men overraskande at det kjem så kraftig. Problemstillinga må løyast.

TB : Det er viktig å hugse på at universitetsambisjonen og tiltaka knytt til den løftar oss kvalitetsmessig

FF: Mange har ytt mykje for kompetanseheving, i tillegg har det kosta. Vi må utnytte ressursar på ein god måte. Det må gjerast gode prioriteringar – leiarane må vere med på å gjere desse prioriteringane.

Har vi bruk for alle klasseromsareala? Kan vi leige ut?

HS: Gode prioriteringar er viktig – ei viktig leiaroppgåve.

NSF: Det har vore kjent ei tid at FHS manglar førstekompetanse, og slik sett burde dette ikkje kome overraskande. Det får konsekvensar for kva aktivitetar vi kan ta inn i utdanningane og kor godt vi kan følgje opp praksis.

HS: Problemstillinga blir kor mykje ressursar kan vi bruke og fortsatt ha tilstrekkeleg kvalitet – dette er spesielt vanskelig inn mot praksis

Hovudverneombodet: Dei administrativt tilsatte er færre personer i kvar gruppe, skal vi ha færre folk, kva skal vi trekke ned? Vi må ta i bruk staten sine rammer for omstilling.

HS : Viktig med retningslinjer for omstilling. Det pågåande prosjektet som ser på organisering og dimensjonering av støttetjenester vil gje grunnlag for vurdering av dimensjonering av administrasjonen.

TB : Det er inntektsrammene som avgjer kva vi har av ressursar. Vi har hatt ein jamn vekst dei 3-4 siste åra, og har no eit høgt nivå. I første omgang i 2023 – vurdere tilsettingar særskilt strengt. Det må vi også gjere i 2024. Vi har omstillingsavtalen i staten, vi må ta opp igjen arbeidet med å lage en egen omstillingsavtale i HVL– som klargjer prosess og partsrettigheter.

NSF: Vi har ei bekymring for sykepleiarane vi utdanner – vi søker fritak for karakterkrav og vi reduserer ressursar til legemiddelhåndtering – får vi for dårlige sykepleiere? Skal vi bruke ostephøvel. Er det konkrete større grep?

HS: Vi ønsker ikkje å bruke ostephøvel. Det må gjerast tydeligare og meir målretta prioriteringar.

Akademikerne: Foreslår å rigge om i administrasjonen – etablere kursavdeling for å tene pengar. Mykje av dei tilboda vi har er aktuelt for kurs og EVU. Forsking : etablere søknadskrivingskurs for tilsette – for å auke del tilslag på eksterne utlysingar

Skulepengar for utanlandske studentar – vi må marknadsføre betre. Internasjonalt semester kan vera ein ide.

Inntektsbringande aktivitet: Kan vi leige ut mimes brønn til konserter og seminar.

Skal vi fortsetta å bygge universitetet ? Kor mange reduserte stillingar skal det koste?

HS : Uavhengig av universitetsbygginga så vil vi uansett ha for høge kostnader i dag. Idear om inntekt er veldig bra. Inntekter frå utanlandske studentar er eit tapsprosjekt, i dag har vi trekk i ramma frå KD og ingen betalande studentar.

FF : Vi treng harde prioriteringar, alle tilsette har bidratt inn mot Universitetsprosjektet – vi har ofra mykje og har ei forventning om å nå målet. I forhold til å søke midlar og bli betre – kaka er like stor og det er stor konkurranse. Kor stor er administrasjonen i dag i forhold til i dei tre gamle høgskulene ? Administrative oppgåver til fagpersonale er ikkje rett bruk av ressursar.

I forhold til omstillingsavtale – så treng vi no å ta godt vare på dei vi har

TB: I inngangen til HVL hadde vi svært låg del administrativt tilsette ift vitskapleg tilsette, og vi har framleis relativt låg de, sjølv om vi medvites og ut frå behov har hatt ein auke Vi skal ikkje skape unødvendig usikkerheit – ei omstillingsavtale er viktig for å ha ryddigheit i prosessar.

HS: Gode involvering er viktig i de prioriteringane vi må gjøre frametter. Vi skal frametter også ha eit eige arbeid på å gå gjennom budsjettfordelingsmodellen.

Akademikerne: Veldig fint at vi har dette møte, og at de er opne og inkluderande – fortset vi slik så finn vi felles løysingar

Utdanningsforbundet: Inntening er viktig, og vi må fylle opp arbeidsplanar. Har de ein oversikt over kostnader, kva vi får av inntekt pr student og kor mange som har ledig tid på arbeidsplanen?

HS: Basisfinansieringa for ein studieplass blir brukt til alle type kostnadar, f.eks. husleige. Inntekt pr student følger KD-finansieringa.

TB: Tusen takk for møtet – de vil få igjen denne saka om kort tid i informasjonsmøte og i ID-møte der vi drøftar styresakene før møtet 23.11. .